

Profeten Friedman og kyrkjjas disiplar

Satan sjølv må ha lurt seg inn i det pensum dei har lest på vegen til stillingane sine i Kyrkjjas Naudhjelp.

▶ **[handel]** Eg greier ikkje lese kronikken åt Atle Sommerfeldt og Helene Hoggen frå Kyrkjjas Naudhjelp (Ny Tid 18. april 2008) som anna enn eit desperat ropt etter den gamle oppskrifta åt Chicago-økonomane. Trass at eg veit Kyrkjjas Naudhjelp ved fleire andre høve har argumentert for at fattige land treng handlingsrom, er det likevel syrgjeleg å sjå korleis dei samstundes omfamnar WTO som den einaste farbare vegen for tredjeverden-land som vil ut av fattigdomen.

Det som skjer, som fylgje av Sommerfeldt og Hoggen sin argumentasjon, er at dei etablerar det ein fransk skarping lærte oss å kalle «Doxa». Når dei er rykande usamde med andre om korleis WTO skal fungere styrkar dei samstundes forståinga av at frihandel og WTO både er viktig og naudsynt. Argumentasjonsmåten deira og sjølv argumenta skapar med andre ord ein konsensus om nett den same handelspolitikken som dei kritiserar, ein konsensus om ideen om at frihandel vil kunne løyse verdas matvareknappleik og det tilhøyrande svoltproblemet. Problemet er berre at den ideen, i beste fall kan kallast naiv, men i verste fall må den

kallast kynisk. Friedman og hans læresveinar har ingen empiriske prov å støtte seg på i påstanden om at frihandel med råvarer vil føre til utvikling for verdas fattige. Sanninga er snarare tvert om.

Medan frihandel einast styrkar dei industrialiserte næringssektorane i dei alt rike landa er det proteksjonisme og eksklusive handelsavtalar som historisk sett har vist seg effektive for land som har greidd å ta seg ut av fattigdomen.

Fattige lands landbruk aleine, vil neppe kunne spele ei tilsvarande viktig rolle sjølv om dei eventuelt skulle lykkast i å gjennomføre ein transformasjon frå småskala hushaldsnæring til agribusiness. Til det er både dei infrastrukturelle og dei institusjonelle føresetnadane i den tredje verda for svake. Då hjelper det heller ikkje at arrogante maktinstitusjonar som WTO og Verdsbanken pressar landa til ytterlegare å bygge ned det vesle dei har av offentlege forvaltning og politiske styring av økonomien.

Derfor tykkjer eg det er stusseleg å lese Sommerfeldt og Hoggen sin kronikk. Sjølv om eg er samd med dei i påstanden om at dumping av landbruksvarer på u-landa sin marknad råkar fattige bønder hardt, osar den likevel av naivitet. For når dei går derifrå og over til å påstå at WTO gir dei fattige landa moglegheit til kollektivt å avgrense dei mektigaste landa sin fridom, kan eg ikkje anna tru enn at Satan sjølv må ha lurt seg inn i det pensum dei har lest på vegen til stillingane sine i Kyrkjjas Naudhjelp. Påstanden er om mogleg enno meir empirilaus enn heile den samla Chicago skulen og læra om den nye økonomien.

Skal dei fattige landa greie å utvikle ei sunn landbruksnæring som kan bidra til sosial likskap og rettferd, bør dei halde seg langt unna utvikling av agribusiness. Då bør ein rette merksemda mot korleis ein skal sikre nasjonalt eigarskap til landets eige distribusjons- og foredlingsledd og hindre at det fell i hendene på multinasjonale selskap. Skal ein greie det, lyt ein nok snu seg til heilt andre institusjonar enn WTO. Landbrukspolitikken har langt fleire møtepunkt med både sosial og velferdspolitikken samt med tryggingspolitikken enn den har med nærings-, industri og handelspolitikken.

**Bjørn Egil Flø, Ruralsosiolog,
Norsk senter for bygdeforskning**



FAKSIMILE: Ny Tid 18. april 2008.

Faglige rettigheter truet

▶ **[overnasjonalitet]** «Ikke går der andre veier» skreiv arbeiderdikteren Rudolf Nilsen for snart et århundre siden. I Klassekampen 2. juli i år viser jusprofessor Hans Petter Graver til dette mottoet i en grundig gjennomgang av de fire dommene i EF-domstolen i Viking Line- (11.12.07), Vaxholm/Laval- (18.12.07), Ryffert/Niedersachsen- (3.4.08) og Luxembourg-saken (19.6.08). Hans konklusjon er verdt å merke seg: «Arbeidstakernes kollektive rettigheter ble kjempet frem ved bruk av kampmidler under mottoet 'tvers gjennom lov til seier'.»

Siden kriseforliket ved begynnelsen av forrige århundre er de respektert av staten og arbeidsgiverorganisasjonene. Nå er de klart truet av en omdreining i liberal retning fra EF-domstolen. Kanskje er det på tide for Europas arbeidstakere å ta frem det gamle motto igjen. Spalteplassen tillater ikke noen grundig redegjørelse fra min side mht. de fire sakene. Fellesnevnerne er: En systematisk svekkelse av faglige rettigheter, kampen mot sosial dumping og nasjonal arbeidsrett til fordel

for EU-retten og fri flyt, altså friest mulig konkurranse uten hensyn til nasjonalstatenes lovgivning, den menneskerettsbeskytta streikeretten eller andre faglige kampmidler. Dette har sjølsagt skapt stor uro i europeisk fagbevegelse. Noen peker på at Lisboatraktaten, med sin ytterligere forsterkning av EUs liberalistiske trekk, må stoppes. Noe den kanskje blir. Andre mener selve EU er årsaken til problemet, og i Sverige stilles det nå grunnleggende kritiske spørsmål ved EUs utvikling og EUs grunnfundament, Romatraktaten med sine «fire friheter». Langt inn i det sosialdemokratiske partiet, og ikke minst i fagbevegelsen. For Norges del er utviklingen også illevarslende, fordi vi berøres gjennom EØS. Leder av LOs internasjonale avdeling, Karin Beate Theodorsen, sier at «LO ser på utviklinga av rettstilstanden i EU med den aller største bekymring» (Klassekampen 25.6.). «EF-domstolen undergraver ved dom etter dom den arbeidsmåten fagbevegelsen står for. Den angriper de kollektive ordningene og prinsippene som ligger til grunn for den nordiske model-

Europabevegelsen er, i sin EU-iver, på kollektionskurs.